

# Årsmelding 2017

I 2017 skjedde det mange viktige og spennande ting i Volda rideklubb. Mellom anna vart arbeidet med den nye vegen ned til bana starta opp, og klubben sette ny medlemsrekord.

## Styret i 2017 bestod av:

Leiar Ida Kristine Standal Eikrem

Nestleiar: Rakel Skram Aasen

Kasserer: Linn Wangen Mork

Sekretær: Liv Jorunn Nyhagen

Styremedlemmar: Karin Vatnehol og Andreas Eikrem (halve året)

Varamedlemmar: Stine Risahagen Høgalmen og Bodil Jåtun Molvik

Ungdomsrepresentant: Randi Maud Mork

Det vart gjennomført åtte styremøter i løpet av 2017. Klubben har ikkje hatt aktivitetsgruppe dette året, så styret har tatt hand om desse sakene også.

## Treningar og stemne

Klubben arrangerte (nokså) jamnleg treningar for Silvia Førde på våren, og for Anja Grønnevik på hausten. Silviatreningane var i samarbeid med Ørsta ride- og køyreklubb og Stall Nyttun på Ytrestøylen.

Det har vore arrangert to helgekurs i feltritt for Julianne Devold, og klubben har bygd fem faste feltrittshinder. På hausten vart det arrangert eit helgekurs i køyring for Harald Løtuft. Alle desse kursa var fullteikna.

Det vart arrangert to D-stemner i dressurriding i Volda, eit på sommaren og eit på hausten. Begge stemna hadde tilfredsstillande tal deltakarar, sjølv om det fyrste vart noko amputert på grunn av dommartrøbbel. Vi arrangerte også eit UK/D-stemne i presisjonskøyring om sommaren, og to klubbstemner i sprangriding.

## Meisterskapsresultat:

Fleire av klubben sine medlemmar har vore ute og konkurrert gjennom sesongen, til fine plasseringar innan både dressur, sprang og køyring. Det store høgdepunktet for fleire var Fjordhest NM i Askim, der Anna Mork/Løkki, Randi Mork/Bakkens Odin og Liv Jorunn Nyhagen/Pokemann representerte klubben. Liv Jorunn fekk bronse i seniorklassen, medan Randi fekk bronse i juniorklassen. Anna fekk fleire fine plasseringar i opne klasser. Liv Jorunn representerte også klubben under Nordisk meisterskap for fjordhest hos Borge. Ho vart nummer fire i allroundklassen for senior. VRK hadde også ein ekvipasje til start i KM dressur, Liv Jorunn Nyhagen/Birkeholms Thoke Patsijon. Dei kom på 4.plass i meisterskapen.

## Ny veg til ridebana:

Våren 2017 vedtok Volda kommune å ta kostnaden med den nye vegen til ridebana, og den blir bygt i samband med utbetringane på Botnavegen. Om framdriftsplanen held, skal den stå ferdig før sommaren 2018. Dette er viktig for klubben, då det frigjer ressursar til å kunne satse på vidareutvikling av anlegget vårt. Det er KA Aurstad som har arbeidet med vegen, og dei får lagre utstyr hos oss mot å stelle til området pent etter seg. Som følge av vegarbeidet vil klubben også få ny og større parkeringsplass ved bana, noko som kjem godt med ved arrangement i framtida.

**Rekruttering:**

Rideklubben bikka 70 medlemmar i 2017, noko som er ny rekord i klubben si 21-årige historie. 33 av medlemmane var under 18 år.

VRK har også i 2017 satsa på rekruttering, og fleire av juniormedlemmane våre har skaffa seg eigne hestar/hest på for det siste året. Det er gledeleg å sjå vekst i hestemiljøet! Sommaren 2017 vart det arrangert minirideleir over to dagar, og det har elles blitt arrangert både stalldagar, rideturar og enkeltstående kursdagar gjennom året. Juniorane har også fått tilbod om eigne juniorklasser på stemna vi har arrangert. I juni/juli stilte klubben to gongar med to hestar til barneriding på Haualeite, på oppdrag frå Volda kommune.

17 personar betalte baneleige i 2017.

**17. mai:**

Kring 20 av klubben sine medlemmar stilte opp bak fana vår i folketoget på 17. mai. Det var ikkje med hestar i toget denne gongen.

**Dugnad:**

Før jul selde klubben kakeboksar frå Nordkak. Det vart selt heile 446 kakeboksar, noko som var ny rekord. Dette gav klubben kjærkomne inntekter. Vonleg vert enno fleire av medlemmane med å selje neste gang.

Det har også vore fleire dugnadar på ridebana gjennom året.

VRK fekk tilbod om å ta over tribuna som stod i ridehallen i Ørsta, og etter kjempeinnsats frå fleire medlemmar kom tribuna på plass i Volda. Tribuna fungerer også godt til vinterlagring av bommar og anna utstyr. I samband med monteringa av tribuna vart det bygt platting frå tribuna til kiosken og brakka, slik at publikum kan gå tørrskodde og vert tydeleg skjerma frå hestane sitt område på parkeringsplassen. Tribuna og plattingen vart ført opp med støtte frå Sparebank 1.

**Sponsorar:**

Klubben arbeidde aktivt med å få sponsorar til stemna våre, og det resulterte i mange flotte premiar.